

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 4 - 2025

Tidspunkt: 28. oktober, 2025, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 12

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Dag Roness (PF-PPU/5LU), Kjetil Børhaug (SV), Sissel Undheim (vara HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug skole), Thashany Pratheepan og Rolf Ivar Bøe (studentrepresentantar), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Monica Håkonsli (VLFK), Christian Sæle (HF-AHKR) og Anders Taraldsen (studentrepresentant)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 06. september

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

- Deling av litteraturlister (Dag Roness)
- Vedr. møte i felles programstyre 09.12.25 (Endre Brunstad)

Vedtakssak

Sak 48/25 Gjennomføring av langpraksis haust 2026/vår 2027: snuing av skuletrinn

Vedtak

Felles programstyre slutter seg til anbefalingen fra Lektorsenteret om å snu langpraksisperioden for det siste studentkullet i gammel modell (kull 2023) slik at de gjennomfører sin praksisperiode i videregående skole høsten 2026 og på ungdomstrinnet våren 2027. Lektorsenteret går i dialog med relevante aktører med tanke på gjennomføring av denne løsningen.

Drøftingssak

Sak 49/25 Praksisbesøk i lektorprogramma/PPU hausten 2026

Det er om lag 120-125 fleire studentar som skal ut i langpraksis hausten 2026 enn ved eit normalt haustsemester. Dersom ein skal gjennomføre 2 praksisbesøk for kvar student, slik som er normalen, vil det gi til saman 564 praksisbesøk. Det er ein vesentleg auke som vil ha ressursmessige implikasjonar.

Alternativa for hausten 2026 blei summert opp slik:

- 1) Gjennomføre 564 praksisbesøk (to besøk per student)
- 2) Færre praksisbesøk (som eit unntak hausten 2026)
 - a. Eitt praksisbesøk for alle studentar (totalt 282 besøk, 50 mindre enn vanleg)
 - b. Eitt besøk i 5LU og to besøk i PPU (totalt 332 besøk)
 - c. Eitt besøk i gammal modell **eller** ny modell, og to besøk i den andre og i PPU (totalt 445 besøk)

Talet på praksisbesøk er ikkje forskriftsfesta, men basert på UiB sine egne retningslinjer. Det er difor mogleg å redusere besøkstalet som eit unntak for ein gitt periode. Ein må likevel sørge for god studiekvalitet, og dersom det er tvil om ein student kan få godkjent praksis, skal det alltid vere opning for eit ekstra praksisbesøk.

Det var generell støtte i programstyret om at ein på grunn av dei spesielle vilkåra såg det som føremålstenleg med eitt praksisbesøk per student hausten 2026, og at det mest ryddige då ville vere ei løysing som var lik for alle studentgruppene/programma (dvs. som i alternativ 2a). Det kom samtidig fram at nokre fagmiljø kunne ha ressursar til å gjennomføre to besøk for sine studentar, og at det gjaldt særleg fag med små studentgrupper. I den samanhengen vart omsynet til likebehandling, informasjon og heilskap i praksisordninga også drøfta.

Med tanke på ressurssituasjonen vart det påpeikt at det hausten 2026 skal innførast eit nytt fagdidaktikkemne (for studentar i ny ordning) og at det skal tilbydast eit ekstra fagdidaktikkemne (for studentar i gamal ordning) der det vil måtte gjerast nokre faglege tilpassingar. I tillegg skal alle fagdidaktikkemiljø arrangere ein eigen campuspraksisdag (KP-dag 5). Det er med andre ord fleire tilleggsoppgåver enn praksisbesøka dette semesteret.

Felles programstyre gav støtte til skisse til vidare prosess for arbeidet knytt til praksisbesøk hausten 2026, slik det var skissert i sakspapira.

Orienteringssak

Sak 50/25 Gjennomføring i lektorutdanninga: statusrapport og tendensar

Spørsmål/kommentarar som kom fram i møtet:

- Kan dei låge fullføringstala frå 2015-kullet ha samanheng med korona-pandemien?
- Det kan også vere interessant for programstyret å få oversikt over tal frå tida før 2015-kullet.

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 51/25 Arbeidet med ny rammeplan

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 52/25 Nytt frå praksisutvalet

Felles programstyre tek saka til orientering.

Sak 53/25 Eventuelt

Deling av litteraturlister

Dag Roness etterspør ei oversikt over kva litteratur studentane skal gjennomgå i dei ulike didaktikkemna, inkl. emnekodear. Dette hadde vert nyttig for å unngå overlapp og for å skape heilskap mellom pedagogikk og didaktikk.

Lektorsenteret vil følge opp moglegheitene for å gjere tilgjengeleg ei oversikt over emne/emneodar for didaktikk og pedagogikk i lektorutdanninga.

Vedr. møte i felles programstyre 09.12.25

Som ein del av evalueringa av lektorutdanninga si organisering, jf. Universitetsstyresak 76/21, blir halve tida av neste programstyremøte, 9. desember, sett av til intervju.

Evalueringa er styrt av rektoratet med prorektor som leiar. Evalueringa inneber ein gjennomgang av organisasjonsmodellen, med fokus på vidareutvikling av den modellen som universitetsstyret etablerte i 2021. Som del av denne gjennomgangen vil arbeidsgruppa intervjuje ulike organ i lektorutdanninga.

Felles programstyre tek saka til orientering.